

# Cyberpunk is dead

Vi møtast eit par gonger i året, eg og dei fortvila auga til eit ungt menneske som reflekterer glødande lys radiert frå opphopa mengder uhandterleg informasjon inne i ei datamaskin – gjerne i samband med lesing av tidsrett illustrerte lærebøker som stammar frå seint i nittiåra.

Av Sunniva Rebbestad

Mine auge har også ein tendens til å ikle seg eit hint av drukningsangst idet eg hamrar ned enter-tasten, men i påvente av å bli vaska vekk av knusande elektroniske strøymingar med informasjon, skiftar dei raskt til vonbrot når det viser det seg at det skvulpande innhaldet i internettbassenget tilsynelatande har fordampa, og alt som står att som eit kriseløysande alternativ å slukke kunnskapstørsten med, er det halvfulle begeret Wikipedia.

Så kvar vart det egentleg av all informasjonen?

Ideen om å nytte internett som ressurs og læremiddel er forståeleg. Per definisjon, vil eg seie, er eit ark i ei bok ikkje anna enn to sider av same sak. Behovet for utdjupande stoff har alltid eksistert i skulen – og har før kome til uttrykk i form av lause, flaksande kopiark, som trakk i så store flokkar at dei mørkna for sola, og sjeldan vendte attende når våren kom og det var eksamenstid. At lærebøkene etter kvart har utvikla tilhøyrande nettstadar, skulle altså kunne representere eit tilstrekkeleg kompensierende konsept. Då er det synd å sjå korleis det har gått inflasjon i å la seg inspirere av den amputerte

nettavissjangeren, og at desse nettressursane fyltast opp med i enda større grad forenkla framstillingar og kortfatta forklaringar.

«Er du ute etter kvalitetsinformasjon – søk biblioteket» synast å vere den rådande mentaliteten til karaktersetjarar som har mareritt om tilvisingar til opphavslause artiklar frå diverse nettensyklopedia. Då blir vi ståande og samle spindellev saman med det faktum at bibliotekbøker ikkje er utstyrt med kjølevifter som hindrar myriadar av støvkorn i å klake seg saman og dekkje over dei uthola inskripsjonane på bokpermane, heilt til både titlar og årstal høyrer til ei svunnen tid. Til skulen sitt forsvar, har eg sjølv gode erfaringa med at læraren vel ut stoff og gjer dette tilgjengeleg gjennom diverse nettarkiv. Når ein lærar publiserer noko som det ikkje har vore høve å vie tid til i undervisningstidane, kan det vere mykje nyttig kunnskap å hente. Her er det derimot læraren som silar ut stoffet, og eleven går dermed i glipp av nødvendige erfaringar når det gjeld sjølvstendig kjeldekritikk og – vurdering.

Når vi på skulen mottek oppgåver der det går heilt klart fram at vi skal nytte internett som

kjelde, dreier det seg oftast om, via Statistisk sentralbyrå sine nettsider eller liknande, å leite seg fram til eit eller anna tal, som sikkert skal fortelje oss mykje om det samfunnet vi lever i idag, og som vi sikkert overhode ikkje var klar over frå før. Her trur eg dei litt tilårskomne generasjonane sine vurderingar, eller kanskje slutningar, sviktar litt når det gjeld å definere kva det er som egentleg særprepar internett. World wide web er ikkje nødvendigvis berre rekkje på rekkje med tal sett i system. Ut av den informasjonsbasserte syndefloden stig det no eit nytt samfunn. Brukarane har for lengst tatt over store delar av innhaldssida til nettet – og då spesielt i form av blogging.

Med tanke på at dei kjeldene på nettet som vi har lært oss å vere mest skeptiske til, er kontaktannonser og profilar knytt til ulike nettsamfunn med mistenkeleg fordelaktige formuleringar og ein eigen augebrynhevande faktor, som gjerne får oss til å tenkje på middelaldrende einebuarar som utgir seg for å vere små, søte jenter, vil mange heilt klart stille seg skeptiske til å hente kunnskap frå både diskusjonsforum og personlege tekstsamlingar i digitalt format. I røynda viser det seg derimot at nettet sin eksistens ikkje berre grunnar på tal og bedragarar som ligg stabla lag på lag i eit ikkjeeksisterande, virtuelt rom.

Nettet er folk som deg og meg – folk frå den verkelege verda som er knytt saman. Kva er vel ei betre kjelde enn engasjerte folk som skriv om det dei kan og det som opptek dei, ofte utan å vere styrde av økonomiske interesser? Det er her du kan finne dei verkeleg lange og interessante artiklane, det er her du kan finne breidde i stoffet, det er her du finn dei usensurerte versjonane og det er her du kan stille spørsmål og kanskje umiddelbart få svar. Det er først når

slike innhaldsrike område på nettet let seg rulle ut, at begrepet «scroll» kjem til sin rett. Lat den fordampa informasjonen regne nedover deg! At design og layout ikkje alltid ser ut som noko frå enden av regnbogen, bør du ikkje la deg påverke av. Personleg stolar eg meir på svarte fontar på ein stillestående, kvit skjerm, enn ei side så prangande flott og ornamentert at dei som står bak tydelegvis har så mykje pengar å nytte på marknadskommunikasjon at deira einaste formål kan vere å tene meir. Å kritisere kjelder for å prøve å luke ut kva som er sanninga, er lite hensiktsmessig sidan det å sjå vekk ifrå kjelder vil føre til ei tørke som gjer at det til slutt ikkje er noko att å luke ut frå. Når ein opererer med så mange kjelder som ein har tilgjengeleg på nettet, vil egentleg dei ulike kjeldene sørge for å kritisere og vurdere kvarandre. Vi kan aldri kome fram til noka fullstendig sanning, men vi kan skaffe oss eit meir fasettert syn på verda; såkalla «negative eksempel» kan avkreftte eller stå som eit alternativ til lærebøkene sine framstillingar av det som skal vere den kollektive oppfatning. Skulle eg likevel bli overrumpla av ein akutt trang til å finne Svaret, og trass i alt la den dårlege dømekrafta mi kome Wikipedia til gode i søket etter sanninga, får eg vite at «Faktisk eller empirisk sannhet kan defineres som den egenskap et utsagn har hvis det er i samsvar med *virkeligheten*.» Og kva er så denne verkelegheita? «Virkelighet omfatter vanligvis alt som er håndgripelig og *sant*.»

Så er det berre opp til enkeltindividet å finne staden der sanninga ligg løynd mellom motstridande løgner. Forbeholdt, sjølv sagt, at du stolar på meg.

*Sunniva Rebbestad er elev ved Volda vidaregåande skule. Ho går VG3 på Medier og kommunikasjon.*